

Unge aktører slo an tonen i flott julekonsert.

15.12.2019



Aspirantane imponerte etter kort tid på instrumenta.

Den tradisjonsrike julekonserten i Uskedal kyrkje samla godt med folk. Med korte innslag frå aktørarane var det god variasjon og spennvidde i programmet. I alle dei ulike innslaga var den føreståande julehøgtida sentral. For mange er denne konserten eit fast og viktig innslag i førjulstida. I tillegg til Uskedalen kjem publikum frå heile strekningen, ja, og både Åkra og Halsnøy var representert.



Skulemusikken hadde eit fint juleprogram. Nils Rainer Vågen spelte Nordnorsk julsalme av Trygve Hoff solo.

Medan dei eldste, Uskedal musikklag med gjennomsnittsalder som har passert 75, avslutta konserten, var det dei heilt yngste som opna og slo an tonen. Aspirantane i skulemusikken har berre hatt instrumenta i eit par månader, men jammen har dei brukt tida godt. Dei hadde ein super debut då dei framførte Bjelleklang i samspel.



[Argentinske rytmar med Røysterett for Alle, Maria Malmsten og Haldor Tveit.](#)

Etter dei fulgte korpset opp med ei flott juleavdeling der vi mellom anna fekk høyra den eldste av medlemene, Nils Rainer Vågen, framføra Trygve Hoff sin vakre Nordnorsk julesalme på euphonium. Med varm og mjuk tone var det nydeleg. Skulemusikken er no inne i eit generasjonsskifte, og dei har unge musikarar. Etter å ha høyrte dei i kveld, er eg overbevist om at dei kan sjå ljost på åra framover. Begge desse gruppene vart leia av skulekorpsdirigent Tor Skeie Olsen.



Vokalensemblat GLIMRAH med tekstar frå 1400 talet, norske folketonar til svensk Jul, jul strålande jul.

Leif Inge Heimvik frå Utåker har dei siste åra vore eit fast innslag. I tillegg til at han framfører juleevangeliet på ein flott måte utanåt, er han ein framifrå songar. Med den klokkeklare røysta si framførte han *En stjerne skinner i natt* og *I en natt*. Han blei akkompagnert av Eva Megyesi på piano. Vi likar å høyra Leif Inge i Uskedalen, og han likar å opptre her. Dette gav han uttrykk for då Kristian Bringedal takka han, og vi får nok høyra han både på komande julekonsertar og på Kafè Tiaren.

Røysterett for Alle avslutta konsertturneen sin med ei presis og god framføring i kyrkja i Uskedalen. Tre kongar frå Bolivia, ein argentinsk folkemelodi med Haldor Tveit på trekkspel gjer seg alltid godt, særleg når koret sin musikalske leiar, Maria Malmsten, agerer og tek nokre sydamerikanske dansesteg på podiet. Heilagnatt i klassisk nynorsk tekst med ei rettskriving frå 1917 er mektig.



Leif Inge Heimvik vert takka av Kristian O. Bringedal. Han garanterer at vi skal få høyra meir frå han både på julekonsert og på Kafé Tiaren.

Vokalensemblemet GLIMRAH syng klokkereint, klassiske tekstar frå 1400 talet og fram til vår tid. Den svenske teksten Jul, jul strålende jul er med åra vorte folkeeige i Noreg også.

Kantor Eva Megyesi er høgt og låg med egne framføringar på orgel og med tonefylgje på klaver. Avslutninga hennar Ein julepastoral, arrangert for orgel av Edward Power Biggs var ny for dei fleste.

Tekst: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal
Foto: Tor Edward Taranger/ Thor Inge Døssland
Nett: Kristian Bringedal



Uskedal Musikklag er eit fast innslag på julekonsertane i Uskedalen.